



## Høringsfråsegn om vegnamn i Bleikvasslia

Heilt tilfeldig kom eg over at kommunen har vedteke nye vegnamn i Bleikvasslia, som no er sendt ut på høring før runden vel skal vidare til Statens kartverk og endeleg vedtak.

Først må eg seie at eg er noko provosert og skuffa over ikkje å ha blitt spurt om å bidra i prosessen med å lage dei nye vegnamna. Representantar frå Hemnes kommune går frå tid til annan offentleg ut og uttaler at dei ønskjer at ungdommar som reiser ut og tek utdanning skal komme tilbake og bruke kompetansen sin lokalt. Då er det trist og merkeleg at kommunen ikkje vel å bruke lokal fagkompetanse i eit så viktig arbeid med å ta vare på immateriell kulturarv som det nye namnevedtak er.

Eg tok hovudfag i namnegransking i 2002 med hovudfagsoppgåva *Endringar i stadnamntilfanget ved tre ulike gardar i Bleikvasslia* og arbeidde sidan som førstekonsulent i Navnekonsulenttjenesten for Midt-Noreg, (Norsk språkråd) . Eg har halde føredrag og skrive ei rekkje artiklar og lesarinnlegg om stadnamn samt undervist ved det som då var Høgskulen i Nesna om namnegransking. Eg bor i Bleikvasslia og har altså lokalkunnskap i tillegg til solid fagleg kunnskap om emnet *namn*. Det hadde gjeve gode signal om kommunen hadde valt å spandere nokre få kroner på å bruke ein lokal fagkonsulent i arbeidet (og ikkje minst hadde det kunne ha bidrege til at eg kunne få lyst til å halde fram med å bo her, trass i vanskar med å få ein jobb her som er relevant for utdanninga mi). Det verkar å vere symptomatisk for Hemnes kommune å *ikkje* bruke lokal fagkompetanse når den finst, men heller å bruke folk ein kjenner.

Istaden får eg altså ad omvegar greie på at kommunen på eige hand har konstruert ei rekkje nye vegnamn for bygda mi. Då har eg i første omgang ei rekkje spørsmål:

1. Kven har site i komiteen som har lagt desse namna , og kva er kriteria for at nettopp desse er vald?
2. Eit viktig prinsipp for fastsetjing av stadnamn er å bruke allerie nedervde munnlege namn. I kva mon har dette vore eit prinsipp for kommunen under arbeidet? Som eg vil komme tilbake til nedanfor er det t.d. merkeleg at ikkje det gamle vegnamnet Tustervassvegen/-veien er bruka.
3. I høringsdokumentet er Olav Smalsundmo den einaste kjelda som er nemnt med namn. Kven andre har vore bruka? Det er eit fast prinsipp innamnfør namnefaget å bruke eldre lokale informantar.

4. Alle vegar i området ser ikkje ut til å ha fått namn. (?) Vegen her eg bor, som går opp til Snelia og vidare over Høgstlandet til Heimtun og deretter Gruva, er omtalt som m.a. Nyveien (han er jo ikkje så ny lenger) og Sneliveien. Har kommunen noka forslag på denne vegstrekka?

5. Å bruke gardsnamnet (der det finst) som postadresse burde vere den mest logiske namnelagingsmåten (og den beste måten å ivareta vår imaterielle kulturarv på) . Har ikkje dette vore diskutert i det heile?

Som fagperson føretrekkjer eg å bruke lang tid og innhente mest mogleg kunnskap om eit emne før eg uttaler meg. Sidan denne kommentaren er resultat av ein spontan reaksjon på nyhenda, er følgjande kommentarar ikkje arbeid så godt med som dei ville ha vore om eg hadde hatt sjansen til å arbeide med dette fagleg over lengre tid. Eg vel likevel å uttale meg, basert på den kunnskapen eg akkurat no har.

Om dei spesifikke vegnamna:

1. **Nordvassveien** er ikkje eit nedervd vegnamn for heile denne vegstrekka. At Vegvesenet ønskjer det slik burde *ikkje* vere rettleiande for det lokale namnearbeidet – Vegvesenet er no ikkje historisk kjend for å halde seg til vedtekne namneformer i skiltinga, og bør vel ikkje reknast som nokon autoritet på området. Å bruke nedervde stadnamn som finst langsmed vegen ville ha vore meir identitetsskapande for folk som bor her, og for tilreisande gjestar ville det ha gjeve større lokalkunnskap. Ikkje minst er det eit viktig prinsipp å vise fram å halde på, og vise fram, vår immatrielle kulturarv – som jo nedervde stadnamn er – framfor å konstruere eit nytt namn fordi «det er praktisk for vegvesenet». Her burde ein i større mon ha involvert eldre lokale kjelder og brukt dei gardsnamna som allereie finst langsmed vegen! « Nordvassveien» bør absolutt forkastast for heile denne vegstrekka, og ein bør bruke betre tid på å finne betre namn. eg har hørt og til dels sjølv bruka namnet Kongsdalsveien , iallfall om strekka frå Gruvakrysset og fram til Røssvassbukta, men det er ikkje dermed sagt at det er det rette namnet.

2. **Langliveien**. Dette namnet har eg ingen førebelse innvendingar mot, men vil nemne at mange bruk har fleire namn, og at t.d. lokale namn som *Utigarden* og *Innigarden* òg gjerne må få speglast i vegnamna.

3. og 4. **Holger Fangels vei** og **Ole K. Brønseths vei**. Desse to namna stikk seg ut ifrå dei andre vegnamna i og med at ein har prøvd seg på ein meir bymessig gatenamnskikk med å namngje etter lokale «kjendisar» , og altså bruke propria istadenfor å allereie eksisterande appellativ som namnledd. Det synest eg blir uhistorisk og delvis upassande, som eg skal konkretisere nærmare. At

ein kan ha lyst til å kalle opp ein veg i Gruva etter Fangel, kan eg skjønne, men eg stiller meg spørsmål ved kva grunnar ein *eigentleg* har hatt for å kalle opp Ole K. Brønseth? Som dei fleste med lokal Bleikvasslikunnskap frå dei siste 50 åra kjenner til, var Ole K. Brønseth ein mann med sine meiningars mot – han gjekk imot mange lokale skutarinteresserte og hevda haldningar som ikkje var velkomne blant mange av naboane hans. Han var derfor gjort til gjenstand for lått hos mange lokale, og eg har ei kjensle (med kjennskap til den lokale humoren) av at ein ikkje med dette namnevalet har ønska å heidre at han var ein fagleg markert tillitsvald, men tvert om på snedig vis vil gjere narr av hans skutarmotstand.

Det tradisjonelle namnet, det nedervde lokale namnet på det området kor boligområdet som i dag har namn etter Gruva, er Hauan. (kjelde: avdøde Erling Oksfjellelv). Eit alternativ kunne kanskje ha vore å bruke Hauanveien, for å vise at det tidlegare har vore i bruk som namn, og såleis ta vare på den imatrielle kulturarva.

**5. Bukkliveien** – dette namnet kjenner eg ikkje til og kan derfor ikkje kommentere. Men dei andre to namna i Gruva bør jo heller ha eit namn som er bygd opp på same vis som dette – dette verkar langt meir autentisk enn dei andre to (anten det no er Bukt eller Bukk som er føsteleddet).

**6. Tortenliveien.** Dette namnet har eg ikkje nok lokal kunnskap om til å straks uttale meg om, men som det heiter i høringsuttalen kallast vegen Stubbliveien, og det er dette namnet eg òg kjenner til. Eg skjønner ikkje kvifor nedervde namneformer blir forkasta for å tilpasse det gamle vegnamnet etter nye bosettingar? Her verkar det som om ein burde bruke Stubbliveien, ettersom det er det gamle namnet. At vegen fortset til Tortenlia gjer ikkje namnet Stubbliveien misvisande, som det blir hevda.

**7. Hattfjeldalsveien.** Kvifor konstruere eit nytt namn når vi alt har eit namn som er i bruk hos «alle»; nemleg **Tustervassveien**? Vegen går langsmed Tustervatnet, og det er då ein helt plausibel namnegjevingsgrunn. Her kan ein ikkje forbigå det munnleg nedervde namnet, som er og bør vere Tustervassveien.

**8. Solvangveien.** Her har ein tydeleg brukt eit anna namngjeivingsprinsipp enn ved t.d. «Tortenliveien» og «Kvalbukveien» m.fl. Skulle ein følge dei same prinsippa kunne ein jo heller ha kalla vegen «Bergetunveien» eller «Hesthageveien» etter dei to endepunkta for vegen. Men eg er heilt eining i at ein bør vise at før tomtedelinga på 70-talet var dette ein gard som heitte (og heitar) Solvang. Solvangveien er derfor heilt kurant, og eg er glad for at ein ikkje har skjøyt på ein udialektal genitivs-s i namnet.

**9. Halvardalsveien.** Her bør ein vel bruke den tradisjonelle skrivemåten av propriumet som er føsteledd her, nemleg Hallvard, som tydelegare viser det semantiske innhaldet for namnet,

istadenfor å basere skrivemåten på ein av dei mange variantane som har vore bruka gjennom tida av meir eller mindre skriveføre (personnamn har jo vore skrive på så mange måtar, både i kyrkjebøkene og av namneberarane sjølv) . Altså Hallvarddalsveien. Men om ein skulle lande på Halvardalsveien er ikkje det noka katastrofe.

10. **Kvalbuktveien.** Her har eg heller ikkje god nok lokalkunnskap til å uttale meg, men eg må seie at grunngevinga for namnet i andre avsnitt (som begynner med «Ved Tustervassdammen...») verkar forvirrande. Skal ein altså koste på eit skilt for å gje 8 fritidsboligar langs ein skogsveg eige namn, medan hovudvegen gjennom heile Bleikvasslia og Kongsdalen skal gå under det framande namnet Nordvassveien?!

#### **Kommentar til etterleddet «veien»:**

Tradisjonelt har ein i dialekten bruka uttalen «vægen», altså *vegen*, utan lenisering, men eg ser at leniseringa no har breidd seg ut over så lang tid at det kan vere like rett å skrive «veien» som «vegen», sjølv om det er siste skrivemåte som best attspeglar den tradisjonelt nedervde uttalen. *Veien* er derfor heilt greitt for meg.

#### **Til sist:**

Namnet på plassen der du bor er noko som dei fleste har eit sterkt emosjonelt forhold til. Å ta lettvint på det, for å gjere det billigast mogleg for vegvesenet (som kan synast å vere det viktigaste prinsippet for kommunen i dette arbeidet), vil eg derfor ikkje rå kommunen til. Desse adressene kjem til å bli ståande for framtida, for dei som bor her og for alle andre. Ein skuldar historia, og folk som har bodd her opp igjennom tidene (og laga namn utifrå dei bruksområda som då eksisterte) samt folk som skal bo her i framtida og skal ha eit identitesskapande bindeledd tilbake i tid – å bruke stadnamn som alt er etablert gjennom generasjonane.

Beste hels, Berit Oksfjellelv

Cand. Philol i namnegransking

Bleikvasslia, 16. februar 2016

27

**Fra:** Jim Tuven <j-tuve@online.no>  
**Sendt:** 9. mars 2016 09:52  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Stadnavnendring fase 2 Bleikvasslia

Hei

Jeg har noen synspunkter på forslag til navneendringene som ligger klar på bordet.

Hattfjeldalsveien: Denne veien har i manns minne blitt kalt Tustervassveien, og det syns jeg den fortsatt kan hete, i hvert fall til Straumbrua mellom Røssvatnet og Tustervatnet eller til Hattfjeldalsgrensen.

Nordvatnveien: Denne veien burde hete dette fra Røsvassbukta og innover mot Nymoen, fra gruvakrysset til Røsvassbukta burde den hete Kongsdalsveien, for når man skal forklare sted på denne strekninga sier man «innløp Kongsdarn» og forandring på dette vil bare føre til forvirring. Dere mangler alternativ navn på veien mellom Tustervasskrysset og Gruvakrysset. Hvorfor ikke kalle den for Bleikvasslia, da den går rett gjennom sentrum av Bleikvasslia.

Kvalbuktveien: Denne veien har fra manns minne blitt kalt Orrhaugveien fra tustervatnet og innover til Orrhaugen, Dette mener jeg den fortsatt bør hete og kvalbuktveien kan hete det fra Orrhaugen til Kvalbukta.

Tortenliveien: Samme sak, denne veien har blitt kalt stubbliveien siden den ble bygd, og det burde den fortsatt hete til Stubblia, og Tortenliveien fra Stubblia og innover mot Tortenlia. Man skal huske på at forandrer man stedsnavn så sletter man på en måte en del av historien, Stedsnavn er en viktig del av kulturhistorien.

Hvis man tenker på nødsamtaler til nødnumrene skal man huske på at den som ringer kan være traumatisert/sjokkert og hvis man er vant til å tenke i gamle baner kan dette fort føre til forvirring hos nødetatene med henhold til nøyaktigheten av stedet der hendelsen har skjedd.

Og hvis man tenker på allerede forandrede stedsnavn så fører disse til irritasjon hos en hel generasjon, f.eks Røsvassdammen. Det er ikke noe som heter det, dammen heter Tustervassdammen. Dette fordi den er ved utløpet av Tustervatnet som absolutt ikke er en del av Røssvatnet, før oppdemningen var det en høydeforskjell på 1 meter mellom Tustervatnet og Røssvatnet, med en stri elv mellom.

RESPEKTER HISTORIEN

Mvh  
Jim Tuven  
Skogly  
8647 Bleikvassli  
Tlf 977 22 095  
e-post: [j-tuve@online.no](mailto:j-tuve@online.no)



30

**Fra:** Lenningsvik Vidar <Vidar.Lenningsvik@statkraft.com>  
**Sendt:** 18. mars 2016 06:47  
**Til:** Trond Møllersen  
**Emne:** FW: Høringsuttalelse Adressenavn fase 2 Bleikvassli

Hei,

Først vil vi beklage at kommunen ikke har søkt en mer bred og dyptgående høringsrunde med for eksempel møte med befolkningen disse endringene gjelder. Det er vår oppfatning at hverken kommunale sakspapirer eller høringsaker blir lest eller oppfattet av befolkningen i den utstrekning det burde. Det vil derfor være spesielt viktig at saker som man vet har prinsipiell betydning at man søker kontakt med de grupper som kan antas å ha innsigelser eller info i slike saker. I denne saken spesielt virker det merkelig at hverken profesjonelle aktører eller fastboende i nærheten av de ulike veiene virker til å ha blitt tatt med på råd.

Vi mener at prinsippene i slike saker er at man viderefører de navn som faktisk brukes på de ulike veiene, og ikke kreerer nye navn som ville ha vært naturlig hvis veiene hadde vært nye i dag. Endring av disse navnene vil i hvert fall medføre rot og forvirring i en tidsperiode, og for enkelte navn med spesielle røtter vil de trolig være varig.

1. Nordvassveien: her er det primært et ønske at veien deles opp i de naturlige delene den består av og det virker ikke naturlig å kalle veien Nordvassveien fra Bleikvasslikrysset. Forslaget vårt er at veien kalles Røssvassveien fra Gruvakrysset, og at den i Røssvassbukt deles inn i henholdsvis Stubbliveien og Nordvassveien.
2. Veiene i sentrum bør deles opp slik de naturlig er: Langliveien til Langli, Kirkeveien til Kirken, Brattliveien til Brattli.
3. Holger Fangels vei: det antas at navnet gjelder veien helt opp til Storknausen?
4. Ole K. Brønseths vei: Med tanke på alle personlighetene som både har bidratt til driften, det sosiale liv i Gruvebyen, og de som har gitt sin helse og sitt liv for driften ved anlegget, har man nok flere sterke kandidater til veinavn, men vi mener derimot at veinavnet er godt, og et bedre enn det navn noen i dag bruker på veien (Rusanveien), Ole var en ekte «gruvemann» på sitt vis; tilflytter, kompromissløs, samfunnsengasjert. Det antas at veistubben nedenfor inntegnet trase også får sammen navn?
5. Bukkliveien: ok  
Norumveien bør fremdeles bli kalt Norumveien, ikke Gruvaveien. Norumveien har den blitt kalt siden den ble laget, og det sees ingen grunn for å endre dette nå. Videre så er veiene til henholdsvis Grønli (Grønliveien) og veien til Endet og Eideng (Einnæveien) ikke tatt med? Grønliveien har fast bebyggelse og bør vel være med? Det vil være like feil å kalle disse Gruvaveien.
6. Tortenliveien går fra Nordenget til Tortenli, Veien fra Røssvassbukt har, og blir kalt Stubbliveien! Vanskelig å se noen fornuft å bytte navn på veien til en del av veien som ikke er åpen for alminnelig ferdsel.
7. Hattfjeldalsveien, bør kalles Tustervassveien frem til krysset som går til henholdsvis Kvalbukt og Hattfjeldal. Begrunnelsen er at det er det veien har blitt kalt. Her bør man videre vurdere å se sammenhengen med en navneendring på Bleikvassliveien/Sørfjillveien. De senere år har man av

markedsføringsgrunner begynt å kalle veien Villmarksveien, og det vil da være naturlig at man vurderer et nytt navn på hele veistrekken frem til Hattfjelldal (E6 ved fylkesgrensen). Uansett så må man søke å få samme navn på veien som Hattfjelldal fra krysset ved Tustervatn.

8. Solvangveien: her menes det kanskje bør vurderes Karihaugveien som alternativ da det er et kjent og kjært navn for mange og enkelt og stedlig forholde seg til.
9. Halvardalsveien: Ok
10. Kvalbuktveien: Veien til henholdsvis Orrhaug og Kvalbugt bør de fastboende bli forespurt hva de mener er korrekt.

Til sist så mener vi at man bør for eksempel vurdere Sentrumsveien mellom Bleikvassli og Gruvakrysset, eller Bleikvassliveien, da dette er mer beskrivende og matcher mer de navn som har blitt brukt på veistubben.

Mvh  
Bleikvassli Arbeiderlag  
v/styret



33

Hemnes kommune  
8646 Korgen

Hemnes kommune	
Saknr. 16/87	Dok.nr. 33
Mottatt	21 MAR 2016
Saksbeh. TM	Avd PLK Kopi
Arkiv L32	
Til Orient./Behand.	Eksp.

Orrhaugen, 16. mars 2016

## INNSPILL TIL HØRING VEDRØRENDE ADRESSENAVN FASE 2 BLEIKVASSLIA

Vi ønsker med dette å gi innspill i forhold til forslag om å nytte Kvalbuktheien som veinavn.

Som det står i innstillinga omtales i dag veien for Orrhaugveien.

For oss føles det unaturlig å skulle omtale veien som Kvalbuktheien. Kvalen som har gitt sitt navn til Kvalbukta, ble neddemt for over 50 år siden, og kan ikke lenger beskues. Ellers heter jo selve bukta langs veien for Solheim. Det kan jo også tenkes at bosettingen langs veien endres for fremtiden.

Vi ønsker å gi et nytt innspill til veinavn, i og med at området hvor veien går har flere faste stammer med orrfugl. Orrfuglen er tilstede langs hele veien fra krysset og forbi gården i Kvalbukta. Orrfuglen er stedfast her, og det sees fugler året rundt, på åkrene, i veigrøfta og trærne. Og på det meste kan en se 20 – 30 orrfugler samlet på et lite område. På rette tiden av året kan spillet til orrfuglen høres godt fra veien, dersom en tar seg tid til å stoppe opp.

Derfor tillater vi oss å spille inn et nytt navneforslag; **ORRFUGLVEIEN**

Et slikt veinavn mener vi kan gi positive assosiasjoner til de som ferdes i området, og at navnet kan gi et ønske om en ekstra avstikker for å se om orrfuglen kan være innen synsfeltet langs veien.

Dersom dette forslaget ikke tas til følge, mener vi at veien fortsatt bør hete Orrhaugveien.

Med vennlig hilsen

Hans Bakken *Hans Bakken*  
Ella Bakken *Ella Bakken*  
Torbjørn Orrhaug *Torbjørn Orrhaug*  
Elin S. Orrhaug *Elin S. Orrhaug*  
Jens Gunnar S. Thoresen *Jens G. T.*  
Sigurd S. Thoresen *Sigurd S. Thoresen*  
Odd Øystein Riisem *Odd Øystein Riisem*  
Siv Eli S. Thoresen *Siv Eli Solli Thoresen*  
Heming Bakken *Heming Bakken*  
Kristoffer Liland *Kristoffer Liland*



61

**Fra:** Geir Ingve Tustervatn <boraklovian@gmail.com>  
**Sendt:** 18. august 2016 14:02  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Veinavn i Hemnes, Stubbliveien

Til Saksbehandler Trond Ø. Møllersen

Stubbliveien: veg fra X fv. 324 til Tortenlia

Jeg ber om at veien fra Holmvik og til Tortenli må få hete Tortenliveien.

Det er under dette navnet veien er kjent lokalt. Stubbliveien ender i Stubblia og den kommunale veien ender ved Holmvik.

Her starter den privatbygde Tortenliveien.  
(Det vil føles veldig rart og pussig å kalle den Stubbliveien)

Mvh  
Geir Ingve Tustervatn

62

**Fra:** Liss Tustervatn <litust@yahoo.no>  
**Sendt:** 18. august 2016 14:33  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Vs: Veinavn i Hemnes, Stubbliveien

Den Torsdag, 18. august 2016 14.01 skrev Geir Ingve Tustervatn <[boraklovian@gmail.com](mailto:boraklovian@gmail.com)>:

Til Saksbehandler Trond Ø. Møllersen

Stubbliveien: veg fra X fv. 324 til Tortenlia

Jeg ber om at veien fra Holmvik og til Tortenli må få hete Tortenliveien.

Det er under dette navnet veien er kjent lokalt. Stubbliveien ender i Stubblia og den kommunale veien ender ved Holmvik.

Her starter den privatbygde Tortenliveien.  
(Det vil føles veldig rart og pussig å kalle den Stubbliveien)

Mvh  
Liss Renate Tustervatn

63

**Fra:** Rina Tustervatn <rinamayv@hotmail.com>  
**Sendt:** 18. august 2016 16:40  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Høringsuttalelse veinavn Stubbliveien

Til Saksbehandler Trond Ø. Møllersen

Stubbliveien: veg fra X fv. 324 til Tortenlia

Jeg ber om at veien fra Holmvik og til Tortenli må få hete Tortenliveien.

Veien fra Holmvik og videre er privat og er alltid blitt kalt for Tortenliveien og er et godt innarbeidet navn.

Dette vil være et naturlig skille mellom den kommunale og private veien, og det greit at veien skifter navn der den kommunale veien ender.

Mvh Rina og Thor Erik Tustervatn

69

**Fra:** Dag Brygkjell <dbrygkjell@gmail.com>  
**Sendt:** 26. september 2016 12:57  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Uttalelse til høring om adressenavn

**Att:** Trond Møllersen

Viser til høring om adressenavn.

Vi er usikre på om høringsfristen er gått ut, men velger allikevel å sende våre kommentarer til adressenavn.

Bakgrunnen for vårt initiativ er at vi er i ferd med å skrive bøker om Villmarksveien, som starter i Korgen og går via Hattfjelldal til Bjortjønna.

Vi er gjort kjent med at Hattfjelldal kommune har valgt å kalle strekningen fra kommunegrensen mellom Hemnes og Hattfjelldal og til krysset hvor tidligere fv 291 møter rv 73, for Villmarksveien.

Vi vil foreslå å kalle rv 806 fra Korgen til Bleikvassli og fv 291 videre til kommunegrensen mellom Hemnes og Hattfjelldal for Villmarksveien.

Bakgrunnen for forslaget er at vi ønsker å markedsføre Villmarksveien som et svært interessant og spennende turmål. Det vil være lettere å drive merkevarebygging av Villmarksveien dersom alle berørte kommuner velger å følge Hattfjelldals vedtak. De berørte kommunene har tidligere samarbeidet om Villmarksveien som prosjekt, og det er naturlig at dette samarbeidet føres videre.

Mvh

Dag Brygkjell og Per Jomar Hoel  
Gløshåjen  
Brygkjeldalsveien 88  
8646 Korgen  
Mob. 938 24 072